



Nissedal kommune

Eining for skule

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
«REF»	2015/1099-6	Reidun Carol Retterholt,35048482 reidun.retterholt@nissedal.kommune.no	033	16.11.2015

Referat frå møte i SMU 16.11.15

Møtt: Bjarne, Steinar, Ragnhild, Helene, Edel, Ann-Karin, Elias, Hildegunn og Reidun
Fråfall: Anne Margrethe (inga vara), Gunnhild (Elias vara),

1. Nye saker

- Elevane frå Kongo. Nokre utfordringar med samarbeid nå. Viktig at me er tolerante.
 - Kanskje litt feilinformasjon i starten. Ein trudde dei var fattigare enn dei kanskje er? Misunning og urettferdig?
 - Foreldra/alle vaksne har ein jobb å gjere mtp haldningar. Dei treng ikkje vere fattige sjølv om dei flyktar.
 - Kan flyktningskonsulentane kome inn og snakke i dei klassane som har flyktingar og snakke saman.
 - Truslar om vold blir teke hand om.
 - De har rett på eit godt skulemiljø, som alle andre.
- Moglegheit for å ha det ope i gangen på ungdomsskulen i friminutta. Reidun tek det opp med ungdomsskulelaget.
- Vonde stoler i 8. klasserommet. Mange elevar har vondt i ryggen. Lov å ta med pute heimefrå, ikkje eigen stol.
- Ønskje om mobilhotell. Spørje arbeidslivsfag om å lage til alle klassene.

2. Oppsummering sosiogram

- Bare positive tilbakemeldinger på sosiogram.

3. Informasjon om skulemiljøets plass i neste års budsjett

- Kantina, leirskule, frukt, lærarstilling er blant kuttsakene.
- Dersom kantina blir stengt – kan den driftast av andre frivillige? Helselaget, frivillighetssentralen.

4. Følgje opp tiltak – kva har skulen gjort?

- Ingen saker - utgår

5. Status for skulen i arbeidet med eit godt skulemiljø. Sjekklista

- Sjekklista fylt ut 06.11.15.

6. Informasjon om brukarundersøkingane den hausten.

- 7. og 10. klasse i år. Desse er obligatoriske frå direktoratet.

7. Møte med vaktmeister, reinhaldar, helsesøster, psykisk helse for barn og unge og verneombod. På kva måte kan dei bidra til eit godt skulemiljø?

- Refererte til møte med disse som var 12.11.15 på skulen.

8. Eventuelt

- Inga saker

Med helsing

Reidun Carol Retterholt
Rektor Tveit skule/Nissedal ungdomsskule